

«Det var den sjansen vi hadde»

Om rituelle avskjedsmarkeringar for barn som døyr før dei blir fødde



Ellen Kristvik, Seniorforskar, Akershus universitetssykehus,
Afdeling for helsetjenesteforskning (HØKH)
ellen.kristvik@ahus.no

Abstract

How to bid farewell to a child never known? In this article I discuss challenges connected to ritual farewell events for the stillborn. Stillborn children have been excluded from traditional funerals and burials in many cultures. Until a few decades ago, this was also the case in Norway. The Norwegian Church has now stated the right for everyone to have their own grave, and chaplains assist bereaved parents in farewell ceremonies. Based on interview material with bereaved parents and participant observation from farewell events, this article seeks to highlight the question of ritual farewells from bereaved parents' point of view. The need for individual adjustment stands out as a compelling concern. Parents underlined the importance of their own preferences being heeded to, but also the need for information about actual possibilities. The availability of proficient counselling, open to the complexity of the issue involved, was found to be crucial.

Nøkkelord: Sorg, dødfødsler, etterlatne foreldre, ritual, sjelesorg

Innleiing: Det ubegripelege tapet

Jeg har vært i sorg før. Jeg har opplevd at faren min døde. Men det blir noe helt annet. Dette kjennes ut som et ran. Når du mister barnet ditt, så føler du deg frastjålet. Kroppen er kjempeforberedt på noe som aldri blir noe av.

Alva¹ var ein av deltakarane i eit forskingsprosjekt om å miste eit barn før det blir fødd. Tapet av barn i dødfødsel har vore eit ikkje-tema i kulturelle og religiøse praksisar i Noreg. Dei første tiåra etter at sjukehusa tok over fødslane vart dødfødde fjerna raskast råd, helst før foreldra rakk å sjå dei. Rituelle markeringar var fråverande, og fram til 80-talet var gravlegging av dødfødde i framande graver ein utbreidd praksis, erkjent og stadfesta av kyrkja (Misje 2021:116, Kristvik 2018). Den anonyme gravlegginga heldt fram til det vart eit brått skifte midt på nittitalet, då retten til eiga grav vart slått fast, ikkje berre etter 22. svangerskapsveke, men utan nedre aldersgrense (NAV 1997).

Sorga over det dødfødde barnet er, som andre former for sorg, del av eit grunnleggjande, allment fenomen. Men den lange forhistoria av forteiing og forneking, og eit tap som handlar mest om draum og forventning, gjer denne sorga særmerkt på fleire vis. Eg har ønskt å undersøke utfordringar knytt til sorgstøtte i denne situasjonen, sett frå dei sorgande sitt perspektiv. I denne artikkelen handlar det om avskjedsmarkeringar.

Prenatalt tap som fag og forskningsfelt

Dei første arbeida som rette søkjelys på den psykiske belastninga ved ein dødfødsel kom på midten av 60talet. I ei systematisk oppfølging av kvinner etter eit perinatalt tap, fann den svenske psykiateren Johan Cullberg behov for psykiatrisk hjelp hos ein tredjedel av kvinnene (Cullberg 1966). Den engelske psykiateren Emanuel Lewis vart særleg kjend for sin kritikk av forteiinga som hadde omgitt etterlatne foreldre etter ein dødfødsel, og påpeikinga av kjensla av noko uverkeleg som låg i fråveret av ein handgripeleg person å sørge over (Lewis 1976).

Lewis fekk mykje merksemd, til dels også sterk kritikk frå andre forskarar (sjå Christoffersen og Teigen 2013:60-61). Synspunkta hans har like fullt vunne fram. Oppmoding til etterlatne foreldre om å sjå og halde det dødfødde barnet er no utbreidd praksis ved fødeavdelingar, i Noreg og i andre land. Jordmødrer oppmodar også til å samle minne om barnet, arrangere avskjedsritual og ta stilling til kva som skal skje med den døde kroppen (Christoffersen & Teigen 2021).

Ritual knytt til livets slutt og handtering av leivningane etter den døde står sterkt i kulturar verda over. Kollektive gravferdsritual kan stadfeste fellesskap. Dei opnar for sjansar til å kome saman for å syne vørndnad for den som er død, bearbeide egne sorgreaksjonar og støtte dei etterlatne (Worden 2009:118-120, Doka 2002:135-139). At bestemte kategoriar av menneske blir ekskluderte frå dette rituelle fellesskapet, går også

¹ Alle eigennamn i teksten er pseudonym.

Om rituelle avskjedsmarkeringar for barn som døyr før dei blir fødde

att som eit tverrkulturelt fenomen. Dødfødde barn har blitt utelatne frå gravferdsritual i mange samfunn, med eller utan eksplisitt grunngiving (Kristvik 2016, Kaufman & Morgan (2005).

Gravferdsrituala er også ei minnemarkering over levd liv, og ein kjenneleg liturgi kan bidra til å opne rituala opp i forhold til fellesskapet. Døden som kjem før livet byrjar, er ofte verken kjend eller anerkjend (Doka 2002: 11-13), og kan bli opplevd å vere sosialt forneakta (Worden 2009:195-201). Det faste gravferdsritualet passar ikkje utan vidare til situasjonen, men behovet for ei rituell avskjedsmarkering kan likevel vere stort.

Jone Salomonsen er ein av dei som har skrive om den gjennomgripande verknaden ein rituell praksis kan ha: «Gjennom kombinasjonen av kropp og symbol evner den å binde sammen følelsen av fortid, nåtid og framtid i deltagerne egne kroppar, og knytte dem til 'seg selv', hverandre og en større kontekst» (Salomonsen 1999: 18). Rituell praksis kan opne handlingsrom som motvekt til den passiviteten og maktesløysa eit tap kan føre til, motverke framandgjering og nå inn på ein måte som verkar emosjonelt forløyande. Dette potensialet har også blitt tatt i bruk i terapeutisk samanheng (Wyrostok 1995, Rando 1985).

Men kva er føresetnadane for at det skal verke slik? Med referanse til ein kanadisk kontekst, har Ronald Grimes påpeikt at tradisjonelle gravferder fyller mange andre funksjonar enn sorgarbeid for dei etterlatne, og kan bidra til å undertrykke sorga, heller enn til å forløyse den (Grimes 2000:234). Jørgen Straarup brukar omgrepet *dissonanserfaring* for verknaden av eit ritual som ikkje blir opplevd som meiningsfullt for deltakarane (Straarup 1994: 25). I tillegg til å vere meiningsbærande for dei det gjeld, er føresetnaden for at eit ritual skal vere til trøyst ifølgje Stifoss-Hanssen at det blir utført med sensibilitet, og tilpassa situasjonen til dei etterlatne (Stifoss-Hanssen 2001). Slik kan det leggast til rette for ei oppleving av gjenklang, eller det ein kan kalle *resonanserfaring*.

Eit avskjedsritual følgjer ikkje alltid eit foreskrive, gitt forløp. Omgrepet *ritualizing* (ritualskaping) slik Grimes har lansert det, viser til det å aktivt og medvite skape og utvikle ritual, meir innovativt og intensjonelt enn det som oftast blir assosiert med *ritualization*, som rituell praksis eller utføring av eit ritual (Grimes 2000: 29). Dette er relevant i forhold det Hedtke og Winslade omtalar som å meisle ut ei sorg, der dei hevdar at sørgandes agens, det kreative og estetiske, er underkjente dimensjonar i sorgarbeid (Hedtke & Winslade 2017). Betydninga av desse elementa blir ytterlegare forsterka i lys av nyare sorgteoriar som, heller enn å sjå på sorgarbeid som avsluttande prosessar fram mot emosjonell lausriving, reknar med at sørgande kan behalde eit vedvarande, kanskje livslangt, samband med den som er død (Klass et al 1996, Root & Exline 2014). Dette vil alltid innebere krevjande nyorientering og omskaping, men utfordringa kan bli særleg stor når tapet handlar om eit barn som døyr før det blir kjent, og avskjeden skal skje medan foreldra prøver å fatte kva som har hendt. Som forteljningane til dei etterlatne i dette prosjektet vil vise, kan varige band vere eit relevant perspektiv, også i ein slik situasjon.

I forhold til det som er gjort på betydninga av det å sjå og halde det dødfødde barnet (sjå t.d. Kingdon et al 2015), er forskinga på den rolla avskjedsritual kan spele for etterlatne foreldre heller sparsam. Det meste av det som ligg føre, går lite inn på konkret gjennomføring av slike ritual, og kva etterlatne foreldre legg vekt på, eller opplever som utfordrande, i tilknytning til dette (sjå t.d. Tseng et al 2017, Peelen 2009).

Bent Inge Misje har dokumentert etterlatne foreldre sine retrospektive forteljingar frå ei tid prega av forteiing og fornektning av sorga over dei dødfødde. Dette er viktige vitnesbyrd om konsekvensane av det å bli fråtatt sjansen til å møte og ta avskjed med det døde barnet, og høvet til å få vite kvar barnet har blitt av (Misje 2021). Men vi har så langt lite kunnskap om mangfaldet av erfaringar knytt til faktisk gjennomføring av avskjedsmarkeringar av dødfødde i ein norsk kontekst, når dette feltet no er blitt opnare. Kva har inkluderinga i gravferdsordninga å seie for dei som mister barn i dødfødsel, sett frå etterlatne foreldre sitt perspektiv?

Metode

Målet med studien var auka innsikt i etterlatne foreldre sine erfaringar. Intervju peika seg då ut som ein føremålstenleg metode. Det vart også lagt opp til deltakande observasjon av rituelle avskjedsmarkeringar, ettersom prosjektet hadde eit særleg fokus på slike handlingar.

Eit så sensitivt tema medførte eit særskilt arbeid for etisk godkjenning. Den framgangsmåten som etter kvart vart godkjent av Regional Etisk Komité og Personvernombodet ved dei aktuelle sjukehusa, innebar eit samtykke i fleire ledd: Foreldra gav i første omgang eit førebels, munnleg løyve til at forskaren kontakta dei på eit seinare tidspunkt, som eit spørsmål stilt av ein sosionom eller sjukehusprest medan dei framleis var på sjukehuset. Då vart dei også spurde om forskaren kunne vere med på eventuelle avskjedsmarkeringar. Samtykkeskjema vart signert i samband med det første intervjuet.

Materialet vart samla inn mellom 2015 og 2019. Informantar frå tre sjukehus vart rekrutterte medan dei framleis var innlagde. Etterlatne foreldre etter 29 dødfødselar sa ja til å bli kontakta av ein forskar med spørsmål om intervju. I 10 tilfelle gav foreldra også løyve til at forskaren var til stades på avskjedsmarkering i sjukehuskapell eller kyrkjerom. Då eg tok kontakt, gav etterlatne foreldre etter 25 dødfødselar samtykke til intervju. Dei fleste vart intervjuet to gonger. Tidsramma var fleksibel. Førstegongsintervjuet vart som regel gjort to til seks månader etter tapet, med eit oppfølgande intervju eit til to år seinare. Samtalane gjekk oftast føre seg heime hos informantane og varte frå ein til tre timar. Dei fleste sa ja til lydopptak.

Intervjua var hovudsakleg narrative, med opne spørsmål. Sjølv om det primære fokuset var rituelle avskjedsmarkeringar, vart gangen i intervjua prega av det som var maktpåliggjande for dei einskilde foreldra, og utdjupinga av ulike delar av sorgprosessen varierte mellom ulike informantar.

Lydopptaka vart transkriberte av forfattaren. Etter fleire gongers gjennomlesing av materialet for å få eit heilskapleg inntrykk, vart det gjort ei innhaldsanalyse for å identifisere hovudtema og mønster (Brinkman og Kvale 2015). Tilnærminga følgde

Om rituelle avskjedsmarkeringar for barn som døyr før dei blir fødde

ei narrativ tematisk analyse, med fokus på det som vart vektlaagd av informantane og ei teoretisk bearbeiding av utsegner frå intervjuet som heldt på konteksten, og sambandet til bestemte case, heller enn ei oppsummerande kategorisering på tvers av materialet (Riessman 2008:53ff). Presentasjonen er gjort med vekt på å få fram breidda i materialet.

Resultat: Etterlatne foreldre sine erfaringar

Eit spenn av ulike avskjedsmarkeringar

Avskjedsmarkeringane som er i fokus for denne artikkelen handla enten om seremoniar til minne om barnet, eller handtering av leivningane. Med to unntak, der foreldra valde å bruke tid for seg sjølve på gravlundene i staden for å samle deler av nettverket sitt til ei minnemarkering, hadde alle ei form for avskjedsseremoni. Seremoniane varierte i storleik og omfang, og i graden av aktiv deltaking frå foreldra i samband med planlegging og gjennomføring. Dei to eg nemner nedanfor, var i kvar sin ende av skalaen.

Lågmælt minnestund: Voggelågen som forløyser

Nokre få menneske er samla i sjukehuskapellet kring ei kiste av minste storleik. Trond døydde ti dagar før termin. Teikninga av ein sommarfugl med utslåtte vengjer er avbilda over namnet hans på framsida av programheftet. I heftet står tekstane til to songar som skal syngast i fellesskap: barnesongen *Måne og sol*, og *Klatremus' voggelåge*. Der står også eit dikt presten les opp: *Ser du stjernene, liten, fra der hvor du er?*

I prestens tale snakkar han om det foreldra har fortalt om barnet dei venta. Han slår fast at eitkvart liv, same kor kort, er eit fullstendig liv.

Eg sit som alltid i bakre del av lokalet. Dei etterlatne foreldra, Turid og Torgeir, sit nokre benkerader framfor meg. Stramt og urørlege - heilt til ein bestemt stad i programmet. Då er det som noko losnar der framme, og pusten slepp fri. Stillferdig, men klart merkbar. Ein nakke bøyer seg, eit lommeørkle kjem fram. Det skjer når vi kjem til songen *So ro, lille mann. Nå er dagen over*.

Tears In Heaven blir spela i CD opptak medan foreldra ber den vesle kista ut til bilen som ventar utanfor. Samlinga sluttar der.

Avskjed i kyrkja: Tett opptil gravferdsriturgien

Den lokale kyrkja er fullsett for å ta avskjed med Hedvig, dottera til Helene og Hans, som døydde to dagar før termin. Gravferda har blitt kunngjort i avisannonser og på Facebook. Eit fotografi av fire hender er avbilda på framsida av programheftet: Den vesle handa til Hedvig, omgitt av hendene til mor, far og storesøster Hanne.

Den vesle kista står framme i koret, open før seremonien tar til. Foreldra går fram saman med Hanne på tre, for å sjå veslesøster ein siste gong. Hanne har sett henne før, men granskar dei små hendene og fingrane, ein for ein. Kort tid før seremonien legg foreldra loket på kista, og festar dei fire skruane som held det fast.

Helene og Hans har bedt sjukehuspresten leie seremonien. I tillegg til tre salmar frå Norsk salmebok, er det lagt inn ein song til Hedvig, sjølvskrivne av foreldra, som blir spelt i opptak. Det blir lystenning og lesing av Fadervår, før forsamlinga flyttar seg til jordfesting og velsigning på gravlunden. Helene og Hans seinkar sjølv kista i jorda.

Tilpassa seremoniar

Den enkle markeringa i sjukehuskapellet og det gravferdsliknande ritualet i den lokale kyrkja er knytt til ulike utgangspunkt og erfaringsbakgrunnar. Dei foreldra det galdt, fekk rom til å velje det som stemde for dei.

Helene og Hans planla det meste på eiga hand. Dei var godt kjende i kyrkja og kyrkjelyden. Det var like fullt viktig for dei å ha med seg sjukehuspresten på denne siste avskjeden, ho som hadde vore der for dei i den første, krevjande tida etter tapet.

Turid og Torgeir sa ja til å ha avskjedsmarkering for Trond i kapellet, men hadde lite overskot til å fremje egne ønske. For idear til moglege innslag lånte presten dei ei samling av program frå tidlegare avskjedsmarkeringar, men i dette tilfellet vart det til at foreldra samtykka til konkrete forslag frå presten, heller enn å ta samlinga for seg, og velje i mangfaldet av moglegheiter.

Kva gjer det mogleg å ta farvel?

– Forteljingar om avskjedsmarkeringar for dei minste

Fellesskap

Dei fleste i dette materialet heldt seg til avgrensa markeringar med særskilt inviterte. Men nokre valde opne seremoniar i den lokale kyrkja. Hans og Helene, som i utgangspunktet ikkje såg føre seg noko anna enn ei lita, privat minnestund, forstod etter kvart at det var viktig for dei å ha ei open gravferd.

Hans: For oss var det ikke umiddelbart gitt at vi skulle ha en stor og åpen begravelse. Den beslutninga ble modna fram underveis. Helt i starten så klarer en jo ikke å se eller forstå hva som skjer. Du skal skrive under på en obduksjonsrapport idet du skal inn og føde – alt er plutselig snudd helt på hodet! Så det første vi tenkte var at dette må vi ta med de aller nærmeste. En har jo ikke noe erfaring å bygge på. Men når vi fikk litt tid på oss, gav det jo bare mer og mer mening å ha en åpen begravelse. Det har noe med menneskeverd å gjøre – hun var jo et virkelig barn, selv om hun ikke var født. Vi har jo et kristent livssyn, og det å ha en kirkelig seremoni, der himmelhåpet var med, var viktig for oss. Jeg tror vi hadde angra veldig på det hvis vi ikke hadde gjort det på den måten [...] Det var godt å se hvor fullt det ble. Jeg har ikke oversikt over alle som var der. Men man merker jo trykket av omsorg og omtanke.

Helene: Ja. Og jeg tror den måten å gjøre det på gjorde det lettere å treffe folk i etterkant. De var jo med på å dele noe som var veldig viktig for oss.

Hans: Og ingen av de hadde møtt Hedvig, ikke sant? Så det ble den eneste sjansen for folk å ha noe med henne å gjøre.

Om rituelle avskjedsmarkeringar for barn som døyr før dei blir fødde

Helene og Hans var velkjende med salmeboka. For dei var den kyrkjelege seremonien ei stadfesting av ei kristen tru. Ikkje alle som valde gravferd frå den lokale kyrkja var like eksplisitte på livssynet sitt. Men det å få hjelp frå ein prest som kjende dei, og som visste noko om situasjonen dei var i, gjekk att som eit viktig moment. For mange vart dette sjukehuspresten, andre fekk kontakt med ein prest gjennom venneflokken. Eit av para vende seg til ho som hadde vigd dei året før.

Opplevinga av støtte frå fellesskapet var der også for foreldre som hadde mindre avskjedsmarkeringar med spesielt inviterte. Men at dette var basert på særskilte invitasjonar, innebar val og avgjersler som for nokre framstod annleis i ettertid. Carl, far til eit barn som døydde like før termin, sa nei til sjefen som sa ho gjerne ville kome til minnestunda. I ettertid angra han, og sa han hadde ønskt at han hadde forstått verdien i å ha henne med. Ingvild og Ivar avstod frå å invitere søskena sine, på grunn av ein familiekonflikt. Slik dei såg det i ettertid, ville ei opnare gravferd gjort dette enklare. Med fleire andre i rommet, ville det vere meir mogleg å halde spenningsfylte relasjonar på avstand.

Resonans

Siv og Sivert var eksplisitte på at dei ikkje rekna seg som religiøse, men var like fullt tydelege på at dei ønskte ei gravferd for den dødfødde sonen sin. Sivert sa det slik:

Det var den eneste måten jeg visste å ta avskjed på. Selv om jeg ikke er noe sånn religiøs av meg, så følte det riktig ut. En begraver jo familiemedlemmer. Og vi var en familie – en stakket stund.

Sjølv om dei visste at dei ønskte eit gravferdsritual i sjukehuskapellet, strevde Siv og Sivert med å finne form og innhald til seremonien:

Siv: Det var vanskelig å finne noe, for det meste passer jo ikke til et lite barn. Og siden ingen av oss er noe sånn veldig religiøse, så føles det veldig rart med tekster som handler om Jesus og barna og sånn: «La barna komme til meg.» For meg gir det ingen mening, selv om jeg vet at det er noen som har funnet trygghet i det. Men vi endte opp med å låne endel programmer fra presten, og vi fant jo ting vi kunne bruke der.

Sivert: Det var veldig greit å få låne de programmene, for da kunne vi [...] se på det andre hadde brukt før oss, og det var nesten som å få det servert på et sølvfat, egentlig.

Som mange andre i dette materialet, fann Siv og Sivert hjelp i å sjå kva andre etterlatne foreldre hadde brukt i sine egne avskjedsritual. Døma kom frå eit mangfald av kjelder: frå jazzstykkje til voggесongar, dikt av mange slag, og fablar og forteljingar som Brødrene Løvehjerte av Astrid Lindgren og Sommarlandet av Eivind Skeie. Ein av prestane hadde også ein cd til utlån, som gjorde det mogleg å leite etter musikalske

innslag som kunne gi gjenklang eller resonans. Dei fleste eg møtte sette stor pris på denne tilgangen. Men for nokre, som for Turid og Torgeir, vart gjennomgangen av tilgjengelege alternativ eit for krevjande prosjekt. Då var det presten som lytta seg fram, ilag med dei to, til det som kunne gi resonans.

Handlingsrom

Behovet for å vere aktivt med i planlegging og gjennomføring av avskjedsseremoniane, var eit gjennomgåande tema, med stor variasjon i kva foreldra valde som fokus for eigen innsats. For Frida og Fredrik, som mista ei etterlengta dotter rett før termin, var dekoreringa av kapellet det dei kom til å leggje aller mest arbeid og innsats i. I katalogane frå gravferdsbyrået var det ingenting som stemte for dei. På leit etter alternativ tenkte Frida på mose, granbar og lav - skogen, som betydde mykje for dei begge. Dei inviterte storfamilien ut på tur, for innsamling til verkstad ved stovebordet.

Fredrik: Vi hadde sittet i sorg, vi to, i mer enn to uker. Nå blei vi pressa til å gå ut og gjøre noe. Jeg så jo at Frida grua seg på forhånd. Men jeg så også at hun kviknet til når hun begynte å lage disse hjertene. Da fikk du fokus over på noe annet: Å lage noe fint til datteren vår. Det var super slitsomt, men det var også godt. Og så blei vi jo litt stolte også! Over hvordan det så ut i kapellet den dagen. [...] Unga hadde laga hvert sitt hjerte med kvister og orkideer, som de la rundt kista. Det blei veldig fint. De hadde sagt vi måtte forberede oss på synet av den lille kista på den store plata. Det hørt bare så nitrist ut. Men så følte det ikke sånn når man fikk så mye annet der. Det var jo forferdelig, men det var ikke bare den ensomme lille helt for seg sjølv [...]

Frida: Vi tok med oss et tre fra skauen også. Det var med i kapellet og står i hagen her nå. Vi får se om det overlever.

I arbeidet for å lage ei vakker ramme kring avskjeden med den døde dottera, gav Frida og Fredrik konkret uttrykk for kor viktig ho var for dei. Andre foreldre fann andre former for uttrykk for eit tilsvarende behov. Mange brukte mykje tid på å velje musikk, songar og tekstar og utforme programhefte, og framheva at dette var til trøyst. Fleire framførte sjølvskrivne avskjedsord. Eivind song *Teddybjørnens vise*, som han hadde sunge for sonen i magen og gledd seg til å halde fram med å synge for han. Mora, Eivor, ønskte også å synge ein kjær song for barnet, men stolte ikkje på at ho ville makte det på minnestunda. Ho fekk hjelp til å gjere eit lydopptak, slik at songen hennar likevel kunne framførast i kapellet. For fleire av foreldra var det å bere kista fram til grava, gi den over til gravaren eller senke den sjølv i jorda, det dei særskilt fokuserte på i samtalen med meg.

Anerkjenning

Ingvild og Ivar reiste frå sjukehuset utan å sjå for seg nokon avskjedsseremoni. Dottera deira døydde då ho var seks månader på veg, etter eit komplisert svangerskap. Foreldra håpte i det lengste på eit anna utfall, men skjønnte etter kvart kva veg det bar. Var det

Om rituelle avskjedsmarkeringar for barn som døyr før dei blir fødde

då i orden å markere sorga? Ingvild og Ivar fekk spørsmål om kva dei ville skulle skje med den døde kroppen, men meir enn det kom ikkje opp på sjukehuset.

Det var gravferdsagenten som stilte spørsmål ved avgjerda om å utelate ein avskjedsseremoni, og opna for at det vart arrangert i lokala til gravferdsbyrået. Foreldra sa ja, og inviterte med seg nokre av dei aller nærmaste då barnet vart lagt i kista, sveipt i eit teppe strikka av mor. Farfaren til Ingvild heldt det han kalla for oldefars tale. Ingvild var rørt då ho fortalde om dette: «Det var som en aksept av at det har vært et menneske.»

Foreldra gav begge uttrykk for stor takksemd over ei minnestund som kom til å bety svært mykje for dei, men som dei ikkje hadde kjent seg i stand til å be om. Dei snakka om denne avskjedsmarkeringa som det viktigaste dei gjorde etter fødselen, avgjerande for sorgprosessen. Når eg møter dei igjen to år etterpå, kjem samtalen igjen inn på minnestunda. Då er dei endå klarare på kva det betydde å ha ein avskjedsseremoni.

Ingvild: Nå tenker jeg at vi skulle hatt en full begravelse. For det var jo den ene muligheten vi hadde. Jeg trodde liksom vi hadde mista for tidlig til å lage så mye styr. At det ville være å overdramatisere sorgen – det er mye rart man kan tenke! For det hadde jo ikke vært det, det ser jeg nå. Man kunne fint hatt en begravelse. Jeg er jo glad for at vi hadde minnestund. Det er bedre enn ingenting. Men jeg skulle ønske jeg ikke var så redd for å gjøre så mye ut av sorgen i begynnelsen.

Ivar: Ja, det kjente jeg også på: Den store usikkerheten på om dette var noe det var lov å være lei seg for. Vi visste ikke at vi hadde rett til å være påvirket.

Den store uvissa på kva som var legitime uttrykk for den sorga dei stod i, understrekar kor viktig ei rituell markering kan vere for stadfestinga av eit tap. At verdien av dette ikkje blir svekka over tid, kjem sterkt fram i Ingvild og Ivars forteljing. I deira tilfelle, som for fleire av dei andre eg møtte, er det motsett: Dei er endå tydelegare på behovet for ei avskjedsmarkering når eg møter dei for andre gong.

Kvar skal barnet bli av? – Langsiktig integrering av tapet

Etter lang tids vilkårlig handtering av dei dødfødde av kyrkje og helsevesen, blir etterlatne foreldre no bedne om å ta stilling til spørsmålet før dei forlèt sjukehuset: Skal barnet leggast i eigen gravstad, familiegrav eller minnelund? Når foreldra ikkje kan eller vil ta ei avgjerd om dette, blir barnet lagt i umerka minnelund.

Eiga grav som stadfesting av eit menneskeliv

Den første impulsen for mange av dei etterlatne foreldra var å velje eigen gravstad, med eigen stein. Slik var det for Mona og Martin, som mista det fjerde barnet sitt i veke 22. Dei hadde tre barn frå før. Tapet av ho som døyddde like etter at livet hadde begynt var like fullt ei stor sorg for alle i familien. Dei brukte mykje tid på å finne ein stein som stemte, og diskuterte seg fram til tekst og skrifttype for inskripsjon. Dei var aldri i tvil om at Mina skulle ha sin eigen gravstad.

Om rituelle avskjedsmarkeringar for barn som dør før dei blir fødde

Selv om hun bare var 22 uker, så var det jo vårt barn. Vi kjente henne – ja, vi rakk jo ikke å bli så veldig kjent med henne, men hun var jo ferdig, egentleg. Hun skulle jo bare vokse og bli større.

Mina vart ikkje inkludert i statistikken for dei dødfødde. Med sine 22 veker var ho rett under grensa for å kome med der. På same grunnlag fekk foreldra også avslag på søknaden om å bli med i sorggruppe. Den vilkårslause hjelpa dei fekk til avskjedsseremoni og gravlegging stod i kontrast til det dei opplevde som avvising og fornektning av den sorga dei gjekk igjennom, og dermed også av den døde dottera deira.

For Mona og Martin, og mange av dei andre eg møtte, vart ei særskilt gravstøtte på kyrkjegarden ei klar manifestering av at det handla om eit verkeleg barn, med eige namn. Bilde av pynta gravstader og utvalde steinar eg ofte fekk sjå, stadfesta ønsket om å gi barnet det aller beste. Eit av bilda viste ei open grav der alle kantane var dekte med lag av markblomster, tett i tett.

Stell av grava – ei tvitydig oppgåve

Gravlunden der Mina vart gravlagd, låg på veg til jobb for far hennar. Då eg snakka med Mona og Morten for første gong, eit par månader etter tapet, var Morten innom gravstaden dagleg. Fleire av dei andre para eg snakka med var også hyppig innom i denne fasen.

Gunvor hadde lang erfaring som sjukepleier på avdeling for premature, alvorleg sjuke barn, då ho fekk vite at tilstanden til det sterkt etterlengta barnet ho bar på ikkje var i samsvar med liv. Gunvor var klar på valet av eigen gravstad alt før barnet vart fødd. For henne heldt gravstaden fram med å vere ein viktig stad å gå til, også etter at ho fekk eit nytt barn. Slik snakka ho om grava til den førstefødde fire månader etter at den andre sonen var fødd:

Han ligger ikke på den nærmeste gravlunden. [...] Den gravlunden jeg sogner til ligger midt mellom to motorveier. Så da blei det bare så viktig for meg med et sted der det var ro, et sted det var godt å gå til. Og det har det blitt. Jeg er der nesten en gang i uka ennå. Jeg tenner lys, og steller med blomstene. Far har funnet en stein på stranda der hvor slekta kommer ifra, og det har bare blitt et sånn fredelig, godt sted å være.

Etableringa av gravstaden vart for mange del av ein praktisk innsats som var til hjelp i bearbeidinga av det som var skjedd. Det meir langsiktige vedlikehaldsarbeidet var meir tvitydig, og kunne også bli ei bær. For nokre var medvitet om dette til stades i utgangspunktet, og verka motiverande på val av familiegrav eller minnelund. For andre var det ei innsikt som kom etter kvart.

Når eg møtte foreldra for andre gong, og dei fleste hadde fått barn på nytt, var tanken på ein gravstad som vart lite besøkt, og ikkje stelt slik som ein først hadde tenkt, eit tema som ofte gjekk att. Kristin og Karsten var døme på dette.

Om rituelle avskjedsmarkeringar for barn som døyr før dei blir fødde

Karsten: Jeg har alltid litt dårlig samvittighet for at vi ikke er nok på grava. Men når vi går dit, så står jeg egentlig der og føler meg som en idiot. [...] Jeg tenker egentlig på Karin i alle slags situasjoner, og det gir meg mer enn når jeg står på grava [...] Men jeg føler jo på at vi burde vært der mer, vi burde ha stelt grava bedre. Vi brukte masse penger på en fin stein og et fint sted, og så står det der bare og visner.

Kristin og Karsten var ikkje aleine om opplevinga av at betydninga av gravstaden endra seg over tid, sjølv om barnet heldt fram med å vere viktig for dei. Det var ingen i mitt materiale som hadde bedt om å få sletta gravstaden, men andre foreldre har stått oppe fram med ei slik avgjerd (Bjørke 2016). Når eg spør om Kristin og Karsten om dei vurderte minnelund, er det tydeleg at dei ikkje hadde tenkt på dette som ei reell moglegheit, og hadde uklare førestellingar om kva det innebar.

Kristin: I den situasjonen tenkte jeg vel at hun ikke skulle i noen massegrav. Men nå tror jeg en minnelund hadde vært veldig, veldig fint. Det hadde hjulpet oss veldig hvis vi hadde fått høre at det er mange som bruker fellesgrav. Jeg som aldri har opplevd et dødsfall i familien i voksenalder, har ingen peiling på hva som skjer og hvordan det fungerer med kremering og alt det der – jeg har ingen aning!

Kasta inn i ein situasjon dei aldri hadde tenkt seg, gir desse foreldra, som mange andre i dette materialet, uttrykk for eit sterkt behov for å få vite kva andre gjer. I mitt materiale var det få som valde familiegrav, men Frida og Fredrik, som la dottera si i oldeforeldra si grav, var døme på at det alternativet også var i bruk. I staden for inngravering av namnet, fekk foreldra sett opp ein skulptur av ein fugleunge på steinen. At fordeling av ansvar for nærver og vedlikehald spelte inn på valet deira, kom fram i det Fredrik sa:

Det er litt deilig å ha en grav som vi vet blir besøkt av andre. Der vi vet at stedet blir tatt vare på. Vi kommer jo aldri til å glemme, og kommer aldri til å slutte å besøke, men det er litt godt å vite at det kanskje har vært noen andre der når vi ikke har fått det til. Og (på gråten) det har vært lys der hele tiden nå.

Nokre foreldre, som desse, fann godt fram på eiga hand. Andre var overvelda og usikre. Spesifikk informasjon om konkrete alternativ var sterkt verdsett når det vart tilbydd. I nokre tilfelle vart det også etterspurd når det mangla.

Minnelund som alternativ kvilestad

Gravlegging av dødfødde i allmenne minnelundar vart lenge praktisert utan at etterlatne foreldre vart involvert eller informert. I samsvar med aukande merksemd på behova til etterlatne foreldre, har eigne minnelundar for dødfødde blitt stadig meir vanleg. I området der eg gjorde feltarbeid, var det fleire slike, og to nye vart opna i løpet av prosjektperioden. Gravlegginga av kister eller urner på minnelunden skjedde tre gonger i året. Etterlatne foreldre fekk invitasjon til å vere med. I medvit om spørsmål

som kunne kome i etterkant, vart informasjon om planlagd plassering av dei einiskilde nøye notert før gravlegginga.

Den rituelle praksisen ved gravlegginga skilde seg litt mellom ulike minnelundar. På nokre gravlundar vart frammøtte foreldre samla i kapellet til tende lys og roleg musikk før dei bar kistene eller urnene til minnelunden. Andre stader var desse ferdig oppstilte kring den opne grava når foreldra kom.

Den første gongen eg møtte dei, hadde Eivor og Eivind nettopp vore med på gravlegging på minnelunden, ti veker etter at dei mista sonen sin. Tanken på vedlikehaldet av gravstaden talde med i avgjerda om minnelund. Det var Eivor som var tydelegast på dette. I motsetnad til Eivind hadde ho tidlegare erfaring frå det å miste ein nær person.

Eivor: Å ha en grav er fint, men det medfører jo også et ansvar [...] Det kan bli en belastning å skulle holde det ved like, og hvis man ikke gjør det, kan man lett få skyldfølelse. Jeg har jo opplevd at min pappa gikk bort, og har erfart at jeg ikke trenger et eget gravsted for å minnes han. Det kan jeg gjøre hvor som helst.

For Eivor og Eivind var det ikkje sjølsagt at dei skulle vere med på gravleggjinga. Det var særleg ventetida som gjorde dei usikre: Ville det føre til ei kjenslemessig oppripping, og ei uthaling av sorgprosessen? I ettertid såg dei på det som viktig, sjølv om det var krevjande.

Eivind: Det var litt spesielt. Tungt. Jeg tenkte mye på det i forkant. Man ser liksom at man kommer seg litt framover, litt mer tilbake til hverdagen, så jeg lurte på hvordan det skulle bli å ha urnenedsettingen så lenge etterpå. Om det skulle rippe opp i ting og gi et slags tilbakefall. Og det var veldig tøft, synes jeg. Etter at vi hadde vært der, brukte vi resten av dagen til å ta vare på hverandre og gå gjennom savnet av sønnen vår [...] Vi hadde fokus på å ære han. Det var jo hans dag.

Eivor: Jeg var litt redd for at det skulle bli som en massegrav, og at det skulle være kjempemange til stede. Så var det bare ett annet par i tillegg til oss, og det var veldig godt. Det ble liksom ikke kiste på kiste og den følelsen. Jeg synes det var en fin stund. Vi ble invitert til å gi urnen over til dem, og fikk legge ned det vi ville sammen med den. Vi la ned en rose, og et bilde av oss tre. Og så la vi en krans på det felles minnesmerket.

Dei tvilte i utgangspunktet, men i ettertid var Eivor og Eivind glade for avgjerda om minnelund. Noko av det som gjorde dei mest i tvil, var tanken på den tida dei måtte vente på gravlegginga. For Ylva og Yngvar, eit anna foreldrepar, var ventetida utslagsgivande for at dei slo tanken på minnelund ifrå seg:

Ylva: For oss føltes det viktig å ha en grav å gå til på termindagen, for eksempel, i steden for å vite at han stod i en urne på et kaldt lagerrom.

Om rituelle avskjedsmarkeringar for barn som døyr før dei blir fødde

Nedlegginga i eiga grav eller minnelund var for mange ein viktig del av avskjedsprosessen, også for foreldre som ikkje var fysisk til stades då det vart gjort. Kjensla av noko ufullført før kista eller urna var sett i jorda, var det fleire som gav uttrykk for.

Tulipanane i vasskanten: ei årleg avskjedsmarkering

Ingvild og Ivar valde kremering for dottera si, og spreidde oska på fjorden. Det var berre dei to til stades då. Dei hadde med seg tre tulipanar som dei la i vasskanten; ein tulipan for kvart medlem av familien.

For Ingvild og Ivar vart tulipanane i vasskanten eit årleg ritual, som dei gjentok på dødsdagen til sin førstefødde. Då eg snakka med dei for andre gong hadde dei fått ein son. Dei hadde nyleg hatt den faste markeringa i vasskanten, då med fire tulipanar; eit knippe blomster som framleis indikerte kvart medlem av familien.

Diskusjon

Avskjedsritualet og behovet for å gjere det uverkelege verkeleg

Dei aller fleste foreldra i dette materialet hadde ei form for avskjedsseremoni. Alle hadde sett og halde det døde barnet på fødeavdelinga. Avgjerslene om minnemarkering og gravlegging inngjekk slik som ein del av ei rekkje av tiltak i samsvar med Lewis sine anbefalingar for å gjere det uverkelege verkeleg.

Fleire av foreldra viste til ein slik verknad av avskjedsritualet. Eit av dei tydelegaste uttrykka var det Ingvild sa om *oldefars tale*, som stadfesta at barnet i kista var eit verkeleg barn. Ingvild og Ivar hadde sørga over dottera si lenge då ho døyde i mors liv. Dei hadde, som Ingvild sa, felt mange tårer på trikken på veg tilbake frå sjukehuset, utan å engste seg for at det skulle vere synleg, *det måtte de andre passasjerene bare tåle!* Desse foreldra visste kva dei hadde mista. Like fullt var dei svært usikre på kva rett dei hadde til å gi uttrykk for sorga. Den seremonielle nedlegginga i kiste var eit påviseleg teikn på verdi, og gav sorga ei legitimering i forhold til omgivnadane.

Avskjedsmarkeringa som ei tydeleggjering av tapet overfor nettverket til dei etterlatne foreldra kom også fram i andre forteljingar. Helene og Hans, som fekk meir tid på seg, understreka at den opne gravferda var med på å gjere dottera verkeleg for andre, som elles ville hatt vanskeleg for å forstå kva dei to hadde vore igjennom.

Då psykiateren Lewis snakka om å gjere det uverkelege verkeleg, var det spesielt med tanke på å gi foreldra ein sjanse til å ta tapet inn over seg (Lewis 1976). Hovudfokuset hans var på kva det hadde å seie at foreldra fekk sjå og halde den dødfødde, men gravferdsritual var også med i det han anbefalte. Verkeleggjeringa i slike ritual, slik det framstår i dette materialet, har mest å seie i forhold til det sosiale nettverket til dei etterlatne foreldra. Deltaking i avskjedsritualet kan gjere tapet meir verkeleg, også for dei, noko som kan vere av uvurderleg betydning for den støtta dei er i stand til å gi, og minske den forteiinga og einsemnda som pregar situasjonen for mange etterlatne etter ein dødfødsel, også i dag.

Kva går an? Om stadfesting og erfaring

Forteljningane i dette materialet fortel om tapet som innleiinga til ei fortetta tid der mange avgjersler skulle takast. Avgjerslene som vart tatt heilt i starten, kunne ha mykje å seie for utsiktene vidare i sorgprosessen. For nokre hadde vala langvarige konsekvensar, på måtar dei ikkje førestilte seg på førehand.

Ifølge dei etterlatne foreldra, var det å oppdage og gripe sjansane dei hadde i eit avgrensa moglegheitsrom, ingen sjølvstøtt prosess. Forvirring og perpleksitet prega mange av forteljningane. Mange hadde intens mistillit til eigne impulsar, slik som Ivar, som uttrykte tvil om retten til å vere påverka av det som hadde hendt.

Nokre av foreldra visste straks kva dei ønskte, og heldt fast ved dei vala dei tok på tidleg tidspunkt. Dette kan ha samanheng med tidlegare erfaring med døden. Slik synest det å ha vore for Gunvor, som hadde lang erfaring som sjukepleiar på avdeling for premature barn, og for Eivor, som hadde mista far sin i ung alder. Dei fleste brukte lenger tid på å kome fram til kva dei ville, og nokre angra på vala dei tok. Kristin og Karsten var eksplisitte på at manglande erfaring med døden gjorde det vanskeleg å navigere, og at dei hadde ønskt dei kunne fått klarare rettleiing då viktige avgjersler skulle takast. For Ingvild og Ivar var det avgjerande at gravferdsbyrået gjorde dei merksame på moglegheta til å ha ei rituell avskjedsmarkering når barnet vart lagt i kiste. Det gav dei frimod til å gjennomføre sitt eige ritual då urna kunne hentast frå krematoriet.

Ritualskaping og resonans

Kjensla av å vere prisgitt, skildra av Alva som opplevinga av eit ran, samsvarer med forteljningane til andre etterlatne foreldre om ei overveldande kjensle av å vere utsett for det ein ikkje rår over. Samtidig vitnar dei mange forteljningane om mobilisering av innsats i samband med gravferd og minnestund, om uttrykkstrong og kreativitet. Dei sørgande foreldra er her både objekt og subjekt, på ei og same tid, og forteljningane viser at avskjedsrituala kan bety mykje for begge desse aspekta. At høvet rituala gav til å kjenne på sorga og det irreversible tapet vart opplevd som krevjande, og samtidig meiningsfullt, kjem til dømes fram i Eivor og Eivinds forteljing. Døma var også mange på at rituala opna for eit høgt verdsett handlingsrom.

Fleire har tatt til orde for utviklinga av eigen liturgi for dei aller minste. I den svenske kyrkja er alternative forslag til bønner, bibeltekstar og salmar ved avskjedsseremoniar for dødfødde gjort tilgjengeleg for prestar og etterlatne (Biskopmötet 1991). Misje har også vist til døme på liturgiar som har vore brukte i ulike delar av Noreg (Misje 2021). Spørsmålet om ein særskilt liturgi vart reist då Bispemötet inviterte til konsultasjon om liturgiske ordningar ved dødfødslar i 2017 (Den norske kirke 2017). På skrivande tidspunkt ligg dette framleis til vurdering hos biskopane.

Ville ein eigen liturgi for dei dødfødde vere til hjelp for etterlatne foreldre? Eller ville innføringa av eit slikt liturgisk oppsett rammast av kritikken til Grimes om gravferder som undertrykkande for sorga, heller enn å verke forløysande? Med omsyn til innhaldsmomenta, kjem svaret, slik det framstår i dette materialet, an på den meininga, eller resonansen, dette gir for dei sørgande. Slik sett kunne ein eigen

Om rituelle avskjedsmarkeringar for barn som døyr før dei blir fødde

gravferdsliturgi hatt mykje å seie for Helene og Hans, men ville truleg ha vore til mindre hjelp, og kanskje det motsette, for Siv og Sivert.

Når det gjeld den faste forma i seg sjølv, er svaret igjen mangtydig. Den faste forma kan gi kvild og avlastning, når resonansen er til stades. Samtidig kan ei ferdig form innskrenke sjansen til medskaping som går att som eit sentralt tema i materialet, spesielt fordi høvet til å gjere noko for barnet var så lite i utgangspunktet.

Dei fleste avskjedsmarkeringane i dette materialet var enkle ritualiseringar eller ritualskapingar med eit innhald foreldra sjølv var med på å velje. Eit viktig kriterium for utvalet var den gjenklagen innslaga skapte for dei det galdt. Slik kunne dei skape resonanserfaringar, viktige både på det aktuelle tidspunktet, og i tida etterpå.

Det som står fast, og det som er i rørsle: Om gravlegging og tidsperspektiv

Langtidsaspektet ved etableringa av konkrete gravstader med eigen stein og festekontrakt på ein kyrkjegard, er ikkje alltid tydeleg med det same. I fleire forteljingar framstår grava etter kvart som ei bør, sjølv om foreldra framleis kjenner seg sterkt forbunde med det døde barnet, og andre forteljingar viser at gravplassen kan halde fram med å vere til lindring og trøyst. Eit spørsmål som melder seg, og som blir ståande ope her, er om tydelege og ekspressive rituelle avskjedsmarkeringar kan redusere behovet for opprettinga av permanente gravstader ein kanskje ikkje har kapasitet til å vedlikehalde.

Mange av foreldra var eksplisitt opptatte av å bevare bandet til barnet dei mista. Når uttrykket i ritualet gir gjenklang for dei sørgande kan det leggje til rette for ei deltaking som kan vere avgjerande for sjansen til å integrere tapet i den personlege livshistoria og det sosiale nettverket til dei etterlatne. Ritualet kan vere ei hjelp til å ta farvel, og samtidig indikere det som lever vidare. Eit tre frå gravferda som lever vidare i hagen kan vere eit teikn og stadig påminning om det. Eit knippe tulipanar som årvisst driv ut i vatnet kan vere ei handgripeleg stadfesting som, paradoksalt nok, kan gjere det meir mogleg å gi slepp.

Konklusjon

Behovet for ritualskaping i avskjedsmarkeringar for dødfødde var gjennomgåande for dei etterlatne foreldra i dette materialet. Tilgangen til konkrete døme på innhald i ein avskjedsseremoni framstod som ein viktig ressurs. For dei som er fortrulege med det språket kan liturgiske alternativ vere verdfulle innslag i eit slikt reservoar. Funna i denne studien tyder på at den resonansen, eller dissonansen, som ulike alternativ kan skape, blir avgjerande for kor tenlege dei blir for dei einskilde foreldra. Med ei støtte som kombinerer lydhørheit og fleksibilitet med konkret informasjon om tilgjengelege moglegheiter, kan sørgande foreldre, kvar på sitt vis, ta val som er med på å gjere det ubegripelege tapet verkeleg, og byrje på prosessen med å integrere den erfaringa i eit framtidig livsløp.

Vidare forskning vil kunne gi utfyllande kunnskap i forhold til andre grupper av sørgande etter dødfødslar, spesielt etterlatne foreldre frå religiøse og kulturelle minoritetar. Der er også behov for meir kunnskap om prestar sine erfaringar på feltet.

Takk

Stor takk til sjukehusprestane Erik Mathisen, Ida Faye og Kristin Kolstad. Utan dykk hadde dette arbeidet ikkje latt seg gjere.

Referansar

- Biskopmøtet. (1991). *Omhändertagande av foster: Ett brev från Svenska kyrkans biskopar till medarbetarna i Sjukhuskyrkan och församlingsprästerna*. Svenska Kyrkans Information.
- Björke, C. N. (2016, 5. november). Jeg bærer ham inni meg. *Vårt Land*. <https://www.vl.no/reportasje/2016/11/05/sletter-sonnens-grav/>
- Brinkman, S., & Kvale, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju*. Gyldendal.
- Christoffersen, L., & Teigen, J. (2013). *Når livet slutter før det begynner*. Abstract Forlag.
- Christoffersen, L., & Teigen, J. (2021). *Nasjonale fagprosedyrer ved dødsfall – en studie av hvordan leger og jordmødre ved norske sjukehus evaluerer og bruker nasjonale fagprosedyrer ved dødsfall*. LUB. <https://lub.no/om-barnedod/dodfodsel/fagprosedyrer-ved-dodfodsel/>
- Cullberg, J. (1966). Reaksjoner inför perinatal barnadöd (1): Psykiske följder hos kvinnan. *Läkartidningen*, 63(42), 3980–3986.
- Den norske Kirke. (2017). Invitasjon om konsultasjon om liturgiske ordninger <https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/bispemotet/prestetjeneste/konsultasjon-dodfodsel-2017/>
- Doka, K. (Red.). (2002). *Disenfranchised grief: New directions, challenges, and strategies of practice*. Research Press.
- NAV (Folketrygdloven) (1997) Runskriv I ftrl kap 7: Stønad ved gravferd. <https://lovdata.no/NAV/rundskriv/r07-00> nedlasta 27.04.23
- Grimes, R. L. (2000). *Deeply into the bone: Re-inventing rites of passage*. University of California Press.
- Hedtke, L., & Winslade, J. (2017). *The crafting of grief: Constructing aesthetic responses to loss*. Routledge.
- Kaufman, S., & Morgan, L. (2005). The anthropology of the beginnings and ends of life. *Annual Review of Anthropology*, 34, 317–341.
- Kingdon, C., Givens JL, O'Donnel E & Turner M. (2015). Seeing and holding baby: Systematic review of clinical management and parental outcomes after stillbirth. *Birth*, 42(3), 206–218.
- Klass, D., Silverman, P. R., & Nickman, S. L. (Red.). (1996). *Continuing bonds: New understandings of grief*. Routledge.
- Kristvik, E. (2016). Traditions in transition: Practices related to stillbirth in a multicultural society In N. Hinerman, & M. R. Sander (Red.), *Care, loss and the end of life* (pp. 139–147). Inter-disciplinary Press.
- Kristvik, E. (2018). Død i mors liv. Endringer i handtering og markering av dødsfall i Noreg. In A. Johannessen, et al. (Red.) *Døden i livet* (pp. 103–118). Cappelen Damm Akademisk.
- Lewis, E. (1976). The management of stillbirth: Coping with an unreality. *The Lancet*, (London, England), 2(7986) 619–620.
- Misje, B. I. (2021). *Hvor ble du av, mitt barn? Om kirkenes behandling av dødfødt*. Efrim Forlag.
- Peelen, J. (2009). Reversing the past: Monuments for stillborn children. *Mortality*, 14(2), 173–186.
- Rando, T. (1985). Creating therapeutic rituals in the psychotherapy of the bereaved. *Psychotherapy*, 22(2), 236–240.
- Riessman, C. K. (2008). *Narrative methods for the human sciences*. Sage Publications.
- Root, L., & Exline, J. J. (2014). The role of continuing bonds in coping with grief: Overview and future directions. *Death Studies*, 38, 1–8.
- Salomonsen, J. (1999). *Riter: Religiøse overgangsritualer i vår tid*. Pax Forlag.
- Straarup, J. (1994). Ritens sociale sammenheng. In O. Wikström (Ed.), *Rit, symbol og virkelighet* (pp. 21 – 32). Tro & Tanke.
- Stifoss-Hanssen, H. (2001). Ritualer – hjertets språk. Et psykologisk perspektiv. *Verdier ved livets slutt. En antologi*. Verdikommisjonen.
- Tseng, et al. (2017). The meaning of rituals after a stillbirth: A qualitative study of mothers with a stillborn baby. *Journal of Clinical Nursing*, 27, 1134–1142.
- Worden, J. W. (2009). *Grief counselling and grief therapy* (4th ed.). Routledge.
- Wyrostok, N. (1995). The ritual as a psychotherapeutic intervention. *Psychotherapy*, 32(3), 397–404.